

## Informasjonstavler

Informasjonstavler skal hjelpe dei som besøker gravplassen med å få oversikt over området og anna relevant informasjon. Dette er særleg aktuelt på store gravplassar med mange gravfelt eller der avstandane er lange. Informasjonstavler står ofte ved hovudinngangen(e) til gravplassen. Tydeleg skilting av gravfelta er ofte ein føresetnad for at besøkande skal kunne orientere seg. I tillegg til informasjonstavla kan det vere tenleg med små skilt inne på gravplassen, til dømes bokstav/nummer ved gravfelt og nemning/kort tekst ved ein minnelund.



*Time gravplass, Time. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.*

### Råd og rettleiing

- Tenk over kva for behov informasjonstavla skal dekke. Skal ho berre gi oversyn over gravplassen kan det til dømes vere tilstrekkeleg med eit kart som viser gravfelt, gangveggar, vasspostar, avfallstasjonar og liknande.
- Utsjånaden til informasjonstavler og skilt bør vere diskre og inngå som ein naturleg del av gravplassen sin visuelle heilskap, men dei må samstundes vere lette å sjå når

ein ser etter dei. Om det er kyrkje på gravplassen som har den same hovudtilkomsten, må ein vise særleg merksemd ved utforming og plassering. Materialar og handverk må alltid ha god kvalitet.

- På store gravplassar med fleire inngangar kan det vere ein fordel med fleire skilt som inngår i ein heilskapleg skiltløysning.
- Tavla må stå utanfor gangsonene, men det må vere mogleg for besøkande med ulike grad av rørsleevne å komme tett på skiltet. Foran informasjonstavla skal det vera eit flatt område med fast dekke. Eit grusdekke kan til dømes vere fast dekke, men grusen må ikkje vere for laus. Dekket må vere fast og kompakt nok til at ein kan kome fram med rullestol, rullator eller barnevogn. Avstanden til nærmaste grav bør vere minst 1 meter.
- Informasjonen på tavla bør vere eintydig, kortfatta og lett å forstå. Tekst og tal må ha tydeleg utforming med kontrast til bakgrunnen av skiltet. Merk at tekst på ein mønstra bakgrunn eller over eit fotografi kan vere vanskeleg å lese.
- Kart bør vere tydelege og ikkje for detaljerte. Der det er naudsynt med ei meir detaljert beskriving av eit område, kan ein ha fleire kart over same område i ulik målestokk. Kartet bør ha eit merke «Du står her». Kartet kan òg vise kulturminne som mellomaldergravplass og gravhaugar. Husk å ha med ei enkel teiknforklaring.
- Om det er annan informasjon som skal bli formidla, kan skiltet ha ein tekstdel i tillegg. Grafiske symbol kan ein nytte når det er tenleg. Tavla kan òg ha punktskrift, eventuelt taktil skrift og kart. Kunstig lys på tavla må ikkje blende eller gi uønskt strølys.

Dei same føresetnadene gjeld for digitale informasjonstavler og for skilt på portstolpar så langt dei passer.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørtnad som eigenarten legger til grunn.

### **Når må ein søke statsforvaltaren?**

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Oppsett av informasjonstavler vil normalt ikkje vere vesentleg endring av gravplass.

*Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?*

Ver merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

### **Referansedokument**

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet)
- Norsk Standard NS 11005:2011- Informasjon og veifinning.
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing»



**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark**

Januar 2023